



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

**Miljøvernavdelinga**



**Forvaltingsplan for  
Hustadbukta naturreservat,  
Fræna kommune**

**Rapport 2012:20**

*Framsida: Oversiktsbilde av Hustadbukta tatt frå sør (foto: Øyvind Leren, 2002)*

*Med mindre anna er oppgitt er alle biletene tatt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga.*

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
**Fylkeshuset**  
**6404 MOLDE**  
**www.fylkesmannen.no**

**Rapport nr:**

2012:20

**Dato:**

27.12.2012

**Tittel:**

FORVALTINGSPLAN FOR HUSTADBUKTA NATURRESERVAT

**Forfattar:**

Ola Betten, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

**Godkjenningsvedtak:**

I medhald i forskrift av 08.11.2002 om freding av Hustadbukta naturreservat, Fræna kommune, § 8, har Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjent forvaltingsplanen.

**Referat:**

Hustadbukta naturreservat vart verna i 2002 som ein del av verneplan havstrand og elveos for Møre og Romsdal. I naturreservatet ligg ein lite påverka vågos og grunne sjøområde med verdfulle strandberg og havstrender, og verneføremålet er å ta vare ein av dei nordlegaste spesiallokalitetane for sørlege sanddyner med sandstorr og strandreddik. Eit større gravfelt med ca. 30 gravhaugar ligg innafor reservatet

Det er Fylkesmannen i Møre og Romsdal som er forvaltingsstyremakt for Hustadbukta naturreservat.

Trugsmåla mot verneføremålet er særleg gjengroing som følgje av endra beitebruk og spreiing av framande treslag. Eit viktig virkemiddel er å oppretthalde dagens beitebruk og å få til slått eller beite andre stader i reservatet. Det er òg vesentleg å leggje til rette for førekommstane av sandstarr og strandreddik. Andre mål i forvaltingsplanen er mellom anna å stoppe spreiinga av framande artar.

For å gjennomføre tiltaka i forvaltingsplanen legg vi opp til eit samarbeid mellom grunneigarar, interessegrupper, Fræna kommune og Statens naturoppsyn.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål bør reviderast minst kvart 10. år.

<b>Emneord:</b> Naturvern, bevaringsmål, skjøtsel, havstrand, sanddyner, biologisk mangfold.	ISBN (Nettutgåve): 978-82-7430-270-9 ISSN: 1891-876X
Fagansvarleg:	For administrasjonen:
 <hr/> Ulf Lucasen (seksjonssjef)	 <hr/> Lindis Nerbø (miljøverndirektør)

## FORORD

Hustadbukta naturreservat i Fræna kommune blei oppretta ved kongeleg resolusjon av 8. november 2002 som ein del av verneplan for havstrand - elveos i Møre og Romsdal.

Forvaltingsplan for området er utarbeida som eit ledd i arbeidet med å lage forvaltingsplanar for dei mindre verneområda i fylket. Målet med forvaltingsplanen er å utdjupe verneforskrifta og klargjere brukarinteresser og behov for skjøtsel. Planforslaget har vore ute på høyring.

Det er ei viktig oppgåve for fylkesmannen å sikre verneverdiane i Hustadbukta naturreservat. Denne planen bør sjåast som eit ledd i arbeidet med å ta vare på dei biologiske verdiane i området, og då spesielt sanddynene med strandreddik og sandstorr. Endringane i naturtilstanden i Hustadbukta naturreservat dei seinaste åra gjer at fylkesmannen ser behovet for å gjennomføre tiltak for å sikre verneverdiane. Dette er den første forvaltingsplanen som er laga for Hustadbukta naturreservat, og vi opnar for revidering av planen etter å ha fått erfaring med den i praksis i nokre år. Det er særleg aktuelt for bevaringsmåla i planen.

Planen er utarbeidd av Ola Betten for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

## Innhald

FORORD.....	4
1 INNLEIING .....	7
2 SKILDRING OG STATUS .....	9
2.1 Områdeskildring .....	9
2.2 Brukshistorie.....	10
2.3 Eigedomsforhold .....	10
2.4 Naturfaglege verdiar .....	11
2.5 Bevaringsmål .....	13
3 BRUKARINTERESSER .....	16
3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser.....	16
3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	16
3.3 Jakt, fiske og friluftsliv .....	17
3.4 Kulturminne .....	18
3.5 Undervisning og forsking .....	20
3.6 Forureining .....	20
3.7 Bygningar og tekniske inngrep.....	20
4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	22
4.1 Skjøtsel og forvaltingstiltak.....	22
4.2 Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar .....	23
4.3 Informasjon og tilrettelegging .....	24
4.4 Oppsyn.....	24
5 SAKSBEHANDLING .....	25
5.1 Forvaltingsstyresmakt.....	25
5.2 Lovverk, føringar og forvalting .....	25
5.2.1 Verneforskrifta .....	25
5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova .....	26
5.2.3 Forholdet til andre lovverk .....	27
5.2.4 Tolking av unntaksreglene i verneforskrifta .....	27
5.2.5 Spesifiserte dispensasjonsbestemmingar i verneforskrifta.....	28
5.2.6 Generelle dispensasjonsbestemmingar.....	29
5.2.7 Generelle retningslinjer for saksbehandling.....	30

6 FORVALTNINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT .....	31
7 REFERANSAR.....	32
Publikasjoner .....	32
Nettstader.....	32
Vedlegg 1 – Verneforskrift Hustadbukta naturreservat .....	33
Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova.....	36
Vedlegg 3 - Tiltak i Hustadbukta naturreservat .....	38
Vedlegg 4 – Sakshandsaming .....	39

## 1 INNLEIING

Hustadbukta naturreservat vart oppretta ved kongeleg resolusjon av 8. november 2002. Føremålet med fredinga er: “*å ta vare på ein av dei nordlegaste spesiallokalitetane for sørlege sanddyner med sandstorr og strandreddik*”. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyremakt for naturreservatet.

Hustadbukta naturreservat ligg på Hustad i Fræna kommune, rett nord for Hustad kyrkje. Verneområdet er totalt ca. 560 dekar, og av dette er ca. 447 dekar sjø. Landarealet består av strandsone med strandberg, sandstrender og strandenger, og nokre høgareliggende formasjoner som Laksehammaren og Fetaberget. Hustadbukta er verna som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal og er ein unik og vakker lokalitet. Det er dyrka mark langs reservatgrensa i sør-vest, sør og aust. Hustadbukta er ein rastelokalitet for fuglar på trekk, og her overvintrar lommar, dykkerar og ulik andefugl.

Forvaltingsplanen for Hustadbukta naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Den skal sikre ei einsarta forvalting av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafor området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gjev retningslinjer for forvaltinga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyremakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet. Det er fri allmenn ferdsel i reservatet. Det finst ikkje reguleringsplan for området.

Forvaltingsplanen for Hustadbukta er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltungmessige oppgåver og tiltak. Her blir det gitt ei skildring av føreslårte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

### Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Hustadbukta naturreservat er eit lite område i areal, men representerer viktige leveplassar for plantene marehalm og sandstorr og er også ein viktig kvilestad for fleire sårbare og trua fuglearistar. Området har stor opplevingsverdi for publikum.

## Forvaltingsplan for Hustadbukta naturreservat




Fig 1. Kart over Hustadbukta naturreservat

For å sikre område som er særlege viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskelege aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Å ta vare på naturverdiar gjennom plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkingsfaktorar. Å verne område som Hustadbukta etter naturmangfaldlova gir eit sterke juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet. Hustadbukta naturreservat er eit av fire område i Møre og Romsdal som er verna i kategorien *sandstrand/dyne* innanfor verneplan for havstrand- og elveoslokalitetar.

## 2 SKILDRING OG STATUS

### Verneforma

Hovudformålet med vern som naturreservat er bevaring av særlig urørt natur eller spesielle naturtypar. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

### 2.1 Områdeskildring

Hustadbukta naturreservat i Fræna kommune strekkjer seg frå elveosen med samløpet av Hustadelva og Søre Hustadelva (Sagelva) i sør, med heile sjøområdet ut til Kornskjeret i nord. Området dekkjer eit areal på ca. 560 daa, derav er ca. 447 daa vassareal. På landsida omfattar reservatet ein brem langs strandsona med sandstrender, strandberg og strandenger. Reservatet grensar mot dyrka mark i aust, sør og sørvest, og følgjer fylkesveg 235 i nordvest.

Den mest intakte sandstranda i området er Auså, som ligg på austsida av reservatet. Vest for denne ligg restane av ein større sandstrand som vart bygd ned av fylkesvegen. Dei to markerte nesa Laksehammaren og Fetaberget er med, og ved det siste inkluderer reservatet rullesteinsstranda med gravhaugane på Male.

Berggrunnen er diorittisk til granittisk gneis, med migmatitt. Stadvis er det kalkhaldig berggrunn som gjev spesiell vegetasjon. Bakgrunn for vernet er vågosen og den grunne bukta med tilhøyrande strandvegetasjon.

Området har oseanisk klima med milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar, gjennomsnitt pr år er ca 8°C og ligg i den sterkt oseaniske seksjonen, humid underseksjon, i den sørboREALe vegetasjonsona. Gjennomsnittleg nedbørsmengd per år er ca 1200 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn.



Fig. 2. Store delar av elveosen og bukta fell tørre ved fjære sjø.

## 2.2 Brukshistorie

Hustad er ei rik jordbruksbygd, og Hustad gard på sørsida av reservatet er ein gammal kongsgard. Her finn ein Hustad kyrkje som er nemnt første gong i 1539 (kulturnett.no). Det har truleg vore kyrkje her attende på 1100-talet. Det meste av randsona til naturreservatet er dyrka, og her vert dyrka gras til mjølk- og kjøttproduksjon. Det vert lagt om til korndyrking på nokre av areala.

Viktigheita til Hustad vert også vist gjennom gravfeltet på Male. I rullesteinsområdet på strandflata på Male i nord-vestre del av naturreservatet er det eit gravfelt med ca. 30 gravrøyser frå perioden eldre jernalder til vikingtida. Ved Malehammaren er det 2 naustufter frå jernalderen eller middelalderen.

## 2.3 Eigedomsforhold

Hustadbukta naturreservat gjeld i følgje verneforskrifta følgjande gnr/bnr: 90/2, 3, 11, 14, 17, 19, 20 og 54, 91/1, 2, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 14, 15, 16, 17, 20, 22, 23, 24, 25, 26, 30, 34, 36, 37, 40, 59, 64, 99 og 103, 93/1, 3, 4 og 5, samt 94/34. Det kan vere endringar etter deling og samanslåing av eigedommar.

## 2.4 Naturfaglege verdiar

### Natur- og vegetasjonstypar

Den naturfaglege omtalen er basert på Jordal, 2005. Hustadbukta ligg ved utløpa av elvene Hustadelva og Sagelva (Søre Hustadelva). Desse går ut i ein langstrekt vågos som går over i ei grunn havbukt med varierte havstrender. Her er sandstrender, strandenger og strandberg, og i brakkvassdeltaet finn vi undervassenger. Her er også restar av kulturlandskap med kalkrike enger og kalkrike strandberg.

Direktoratet for naturforvalting (DN) har i forbindelse med kartlegging av naturtypar i Noreg spesielt omtala nokre naturtypar som er å sjå som viktige i samanheng med biologisk mangfald, desse er samla i DNs handbok 13 om naturtypekartlegging og Handbok 19 om marin kartlegging. Her er det også omtala korleis ein kjener igjen naturtypar, kva som er typisk for dei ulike naturtypane og kvifor dei er viktige i norsk natur.

Fræna kommune kartla naturtypane i kommunen i 2004 (Jordal 2005). Avgrensa lokalitetar blei sorterte og verdsette etter naturtype på ein skala frå A – C (A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig), der Hustadbukta blei klassifisert som Havstrand/kyst med verdi A. Historisk er Hustadbukta ein klassisk lokalitet for botanikkinteresserte, og mykje av den systematiske informasjonen er samla tilbake i 1897 (Dahl). Analyser er gjort i 1974, 1984 og 2004.



*Fig. 3: Strandreddik er sjeldan å finne i reservatet*



*Fig. 4: Strandarve er derimot vanleg*

Ved Nerland (austsida av bukta) og Malefeta (vestsida av bukta) finst sørlege sanddyner med sandstorr og strandreddik. Ved Malefeta er det sparsamt med sanddyner i dag. Lokaliteten har ifølgje Holten (1986b) mellom anna det sjeldne plantesamfunnet strandreddik-forstrand (V4a), elles fordyne med strandarve (V6c), tangmeldevoll (V1c), fordyne med strandrug (V6b), og etablerte sanddyner (W2). I indre deler finst ulike saltenger, somme stader også strandberg. I nordre del ved Malefeta mot gravhaugane finst dels skjelsandenger og kalkrike strandberg som no er i attgroing.

## Planteartar

Lokaliteten er middels artsrik (69 planteartar i 1984). Her vart funne det som truleg er verdas nordlegaste førekomst av sandstorr og marehalm (marehalm er truleg forsvunnen), og verdas nest nordlegaste for strandkveke (også truleg forsvunnen). Elles er det tidlegare funne bakkesøte, marinøkkel, stortviblad og hjartegras (Dahl 1897). Kristiansen (1974) skreiv at marehalm førekomm berre med få eksemplar ”på Malefeta” i 1973, men han fann ikkje strandkveke. Marehalm og strandkveke vart ikkje gjenfunne i 1984 og 2004. Strandreddik er eit sentralt verneformål.

Kjeldegras, tiggarsoleie og trådtjønnaks er belagt av Holten 30.08.1984 i ”Hustadbukta”, dette kan og ha vore i elveosen. I 2004 vart sandstorr attfunnen i Nerlandssanden, det vart observert ilanddrive ålegras, og elles vart det notert raudknapp, kjeglevokssopp og engvokssopp i gjengroande skjelsandenger (Jordal 2005). Dahl fann i 1897 m.a. sylarve, kystarve, bakkeveronika, vårskrinneblom, sandarve og vill-lin i skjelsandengene og dei kalkrike strandberga ved Malefeta. Mellom riksvegen og stranda vart det i 2003-2004 funne bakkeveronika, bittersøte, dunhavre, enghumleblom, gjeldkarve, gulmaure, harerug, hårstorr, kattefot, knopparve, kornstorr, kvitmaure, lodnerublom, marinøkkel, raudknapp, rundskolm, sandarve, småengkall, vill-lauk, vill-lin og vårskrinneblom. Dette er ein av dei få stadene i Møre og Romsdal der bittersøte veks i tilnærma naturleg vegetasjon utanom kalkrike vegkantar. (Jordal 2005).

## Dyreartar

Laks og sjøaure vandrar opp i dei to vassdraga. I den fiskerike bukta er oter og steinkobbe vanlege, og det er også påvist hiplass for oter her.

Hustadbukta med vågosen er ein viktig rasteplass for mange artar med vassfugl. Området er eit overvintringsområde for artar som t.d. storlom, smålom, islom, horndykker og gråstrupedykker. Her er dykkender som svartand, sjørre, havelle og ærfugl, siland, samt storskarp og toppskarp. På grunnene rastar måser og gjæser, og oppe i vågosen beiter ulike grasender, samt songsvanar om vinteren. Her rastar også vadefugl som m.a. viper, tjeld, storspove, lappspove, rødstilk, myrsnipe, sandlo, fjøreplytt og sandløpar.

## Truslar

Det er viktig at sandbindande planter som sandstorr og strandrug får utvikle seg langs stranda for å sikre sanddynene. Bevaring av dei to planteartane strandreddik og sandstorr er hovudformålet med vernet, og det er viktig at desse vert sikra. Førekomstane har vore små dei siste år. Andre sandstrandartar som marehalm og strandkveke har sannsynlegvis gått ut av lokaliteten.

Det ligg eit felt med sitkagran rett vest for reservatet, og det sår seg jamt inn nye sitkaplanter. Det er viktig at desse vert fjerna før dei veks opp og fortrenger annan vegetasjon og gror over kulturminna.

### Sitkagran

Sitkagran har si opphavlege utbreiing i det nordvestlege Nord-Amerika. Den blei innført til Noreg grunna evna til å vokse fort samt evna til å motstå høgt saltinhald i lufta. Difor er den i størst utstrekning planta langs vestkysten av Noreg, og plantefelt er svært vanlege heilt nord til Troms. Den har stor spreiingsevne og fortrenger annan vegetasjon. Treet kjennest på den blågrønne fargen på nālene og på dei skarpe nālene. Sitka er kategorisert med Svært høg risiko i norsk svarteliste. Les meir på [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).



Fig 5. Faktaboks sitkagran. Illustrasjonsfoto: Rasmus Christensen

## 2.5 Bevaringsmål

Verneforskrifta skal konkretiserast først og fremst gjennom forvaltingsmål og bevaringsmål for reservatet. Verneføremålet viser i hovudsak kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet, her i § 2: *"Føremålet med fredinga er å ta vare på ein av dei nordlegaste spesiallokalitetane for sørlege sanddyner med sandstorr og strandreddik"*.

I denne planen er det definert sju bevaringsmål, sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsigktig og god måte. Nokre av bevaringsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvalting, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.

### Naturkvalitet

Forklarast som naturtype, arter, geologi og landskap som skal bevarast i eit verneområde. Føremålet med vernet ligg i dette omgrepet, og kan vere ein eller fleire naturkvalitetar.

### Forvaltingsmål

Dette er eit samleomgrep for alle målsettingar knytt til naturverdiar/kvalitetar i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot rekreasjon, jakt, og landbruket sine interesser.

### Bevaringsmål

Desse skal konkretisere dei meir overordna forvaltingsmåla. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at naturkvaliteten skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter.




Fig.6. Bevaringsmål for Hustadbukta naturreservat

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Hustadbukta naturreservat

Mål	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstand	Tiltak
1	Sandstrand (G04)	Forekomst av sandstorr	Minst 200 skott med fertile aks av sandstorr	SNO, fagbotanikar	Dårleg	Unngå gjengroing
2	Sandstrand (G04)	Forekomst av strandreddik	Årlig forekomst av strandreddik	SNO	Dårleg	
3	Sanddyne (G03)	Sørlege sanddyner	Sikre sørlege sanddyner med naturleg utforming	SNO, fagbotanikar	Middels	Unngå slitasje Unngå forsøpling Fjerne framande artar
4	Kystlynghei (D07)	Forekomst av sitkagran	Halde reservatet fritt for sitkagran > 0,5 m	SNO	Dårleg	Hogst, rydding Plukking av frøplanter
5	Grunn bukt, tareskog	Næringsøkande lommar, dykkerar og andefugl	Tal overvintrande fugl	Kontroll av SNO og ornitologar	God	Unngå forstyrring
6	Brakkvassdelta (G07)	Rastande andefugl, vadalar	Tal rastande andefugl, vadalar	Kontroll av SNO og ornitologar	God/ middels	Unngå fysiske inngrep og forstyrrelse. Informasjon
7	Rullesteinsstrand	Gravhaugar	Bevare intakte gravhaugar som ein del av landskapet	Tilsyn frå kulturvernetat	God/ middels	Hogst, rydding og beiting. Unngå slitasje frå publikum. Det er viktig å hindre uttak og plukking av stein frå gravfeltet.

## 3 BRUKARINTERESSER

### 3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillatt i Hustadbukta naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg 1. Det er særlig nokre kapittel i verneforskrifta som har betyding for forvaltinga. I § 3 *Verneregler* går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillatt innanfor reservatet. I § 4, *Generelle unntak*, omtalar ein dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i § 3, medan det i § 5, *Eventuelle unntak etter søknad*, går fram kva aktivitetar fylkesmannen kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskrifta i § 3, og som ikkje er nemnt i § 4 eller § 5, er i utgangspunktet forbode. Naturmangfaldlovas § 48 gjeld no i staden for den generelle dispensasjonsregelen i § 7 i verneforskrifta. Tolking av forskrifta er nærmere omtala i kapittel 5.2.

### 3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

Bønder har dyrka jorda rundt Hustadbukta i fleire hundre år. Dyrkamarka grensar til naturreservatet i mest heile den sørlege halvdelen. På Male gnr/bnr 93/1,5 ligg eit fulldyrka areal på ca. 7 dekar inne i reservatet. Her vert det dyrka gras som vert hausta og pakka i rundballar. Motorferdsel i landbruksdrift på dyrka mark er tillate. I dei indre delane av reservatet er elvebreidda plastra med stein for å unngå erosjon. Det er gjeve ein generell skjønnsføresetnad om at desse steinplastrane kan haldast vedlike dersom isgang, flaum eller anna hending skulle truge dei. Det kan gjevast løyve til skånsam bruk av motorkøyretøy til dette.

Området ved Fetaberget og vestover mot vernegrensa vert beita med storfe. Her er storparten av tre og buskar fjerna som ein del av skjøtselen. Det er ønskjeleg å halde området ope, og unngå gjengroing med lauvtre og framande treslag som sitkagran og vanleg gran. Det er gjeve ein skjønnsføresetnad om at det kan pårekna løyve til hogst av inntil 3 m<sup>3</sup> ved årleg på gnr 93 bnr 1 og 5. I samband med dette kan det brukast motorisert transportmiddel.

Oppslag av sitkagranplanter etter sjølvsåing bør fjernast årleg, og uttak av kratt og tre kan også gjennomførast i regi av forvaltingsstyresmakta som eit skjøtselstiltak utan slike avgrensinger. Det viktig at den naturlege vegetasjonsona mellom stranda og enga vert behalde som i dag. Det skal difor ikkje fyllast ut massar som åkerstein i fjøra. Strandvegetasjonen kan beitast med dyr som ikkje gjev tråkkskader.

#### Forvaltingsmål for primærnæringane

- Jordbruk kan drivast på vanleg måte på dyrkamarka på gnr/bnr 93/1,5
- Området kan beitast for å unngå gjengroing av strandeng, hei og gravrøysområde
- Lauvskog og framande treslag som sitkagran kan fjernast for å halde området ope

### 3.3 *Jakt, fiske og friluftsliv*

Jakt på hjortedyr, altså hjort, elg og rådyr, samt kanadagås og fangst av villmink er tillatt i reservatet. Dette skal gjerast i samsvar med viltlova og andre gjeldande lover. Fangst av villmink bør skje med slagfelle. Fiske samt uttak av fjøremark og agnskjel er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer også fiske etter hummar, krabbe og skjell, sjå kap. 5.2. Det går laks og sjøaure i begge elvene, derfor er det naudsynt å verne dei mot inngrep som kan redusere produksjonsevna. Elles er alt dyreliv, medrekna reirplassar og hiområde, freda mot skade og øydelegging, og nye dyreartar skal ikkje innførast.

Hustadbukta naturreservat blir bruka ein del som tur- og rekreasjonsområde. Dette gjeld særleg området i nord-vest ved gravrøysene. Området er eit populært utkikksområde for ornitologar. Bruken av området vert elles avgrensa pga. vanskeleg tilkomst med dyrka mark i randsona. Området ligg ved ein nasjonal turistveg, og det er planer om å bygge raste- og parkeringsplass ved gravrøysfeltet. Friluftsliv er ikkje i konflikt med verneformålet dersom ferdsel blir kanalisert utanfor vegetasjonsbeltet ved stranda.

Verneforskriftene går føre friluftslova og allemannsretten ved eventuelle motsetnadar i lovverket. Fordi det er eit område som er verna på grunn av naturen, vil naturen derfor prioriterast før friluftsinteresser ved ein eventuell konflikt. Friluftsliv er omtala i forskriftera § 3 punkt 5 og 6, og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som er ulovlege:

5. *"Bruk av naturreservatet til teltleiarar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode"*. Her kan det søkast løyve etter forskriftena § 5.9.
6. *"Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode"*



Fig.7. Terregnsykling i reservatet gjev slitasje

Elles er det nemnt i forskriftena at det er unntak frå vegetasjonsfredinga når det gjeld sinking av matsopp og bær (§ 4 punkt 3). Det er likevel viktig å hugse at vegetasjonen generelt er freda,

også daude planter, og plukking av til dømes blomster og mose er ikkje lovleg. Etablering av nye stiar er tilretteleggingstiltak som krev dispensasjon frå forskrifta, og slike tiltak må eventuelt vurderast opp mot verneføremålet. Sjå også *Forståing av unntak frå forskrifta* kap. 5.2.

### Forvaltingsmål for jakt, fiske og friluftsliv

- Unngå vandringshinder for laks og sjøaure
- Kanalisere ferdsel utanfor områda med strandreddik og sandstorr
- Legge til rette for parkering ved gravrøysene, men utanfor reservatet

## 3.4 Kulturminne

I rullesteinsområdet på strandflata på Male i nord-vestre del av naturreservatet er det eit gravfelt med ca. 30 gravrøyer frå perioden eldre jernalder til vikingtida. Dei fleste av røysene er opna eller skadde på anna vis. Gravrøysene på Malefeten er av varierande storleik. Dei minste er 3-4 meter i diameter, mens dei største har eit tverrmål på over 20 meter og er opptil 3 meter høge. Slike kulturminne er automatisk freda etter kulturminnelova § 4, j.

I 1890 blei det gjort ei arkeologisk undersøking i 10 av gravrøysene. Det blei gjort funn i alle røysene. Gjenstandane som blei funne, stammer frå både eldre og yngre jernalder, og funna viser at gravfeltet var i bruk i perioden ca. 400-950 e.Kr. I tre av røysene blei det funne samlingar med klinknaglar eller klinksaum. Dette viser at båtar har inngått i gravritualet i yngre jernalder/vikingtid. Truleg er dei døde gravlagt med våpen, smykke og utstyr i båtane. Gravrøysene på Malefeten har neppe innehalde store vikingskip, men små båtar som blei rodd med årer. Delar av feltet blei restaurert i 1965. Fylkeskonservatoren har gjennomført rydding av vegetasjonen på gravrøysene.

Ved foten av Malehammaren ligg det to naustufter som kan vere frå middelalderen eller jernalderen.

Kulturvernstyresmakta har etter kulturminnelova, § 11 a, høve til m.a. å registrere, bygge opp att, restaurere og rydde området kring automatisk freda kulturminne. Tilsvarande kan etter § 11 b, slike kulturminne granskast ved utgraving m.v. I eit naturreservat er vegetasjonen freda, og det er m.a. forbod mot uttak av massar. Restaurering av kulturminne krev etter dette løyve frå naturvernstyresmaktene, men dette vil i dei fleste tilfelle vere samanfallande med føremålet med naturreservatet, slik at dispensasjon vil bli gjeve. Ofte vil dette kunne vere ein skjøtsel som tener begge føremåla.



Fig. 8. Gravrøysene før skjøtsel



Fig. 9. Gravrøysene etter skjøtsel

### Forvaltingsmål for kulturminne

- Gravrøysene kan vedlikehaldast og skjøttast etter avklaring med naturvernstyresmaktene
- Skjøtsel av naturverdiane i reservatet skal ta omsyn til kulturminne slik at dei ikkje verte skadde
- Det kan utarbeidast informasjonsstiltak om kulturminna

### **3.5 Undervisning og forsking**

Hustadbukta naturreservat er ikkje spesielt tilrettelagt for undervisning og forsking. Men området er lett tilgjengeleg grunna nærliek til vegen, og har stort potensiale for slik aktivitet. Det ligg til rette for å ha undervisning i området i store delar av året, særleg for mindre grupper av elevar. Det knyter seg stor informasjonsverdi til vegetasjon, fugleliv og kulturminne i området. Kartlegging av naturtypar, flora og fauna er naudsynt. Fagstoff om Hustadbukta naturreservat finst på internett på stader som [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no), [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no).

#### **Forvaltingsmål for undervisning og forsking**

- Det kan leggjast til rette for undervising, formidling og forsking innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet
- Kartlegge utvikling i flora og fauna, særleg i sanddynevegetasjonen og fuglelivet

### **3.6 Forureining**

Hustadbukta vert tilført forureining i form av landbruksavrenning og separate kloakkutslepp både direkte og via dei to elvane som munnar ut i bukta. Det føreligg ikkje målingar av vasskvaliteten i naturreservatet. Det er Fræna kommune sitt ansvar at landbruksforureining og utslepp av avløpsvatn tilfredsstiller krava i gjødselvareforskrifta og forureiningsforskrifta.

Dei ytre delane av naturreservatet er utsett for søppel som driv i land frå havet.

#### **Forvaltingsmål for forureining**

- Naturreservatet skal ikkje utsetjast for skadeleg forureining eller redusert vasskvalitet
- Strandsøppel skal fjernast

### **3.7 Bygningar og tekniske inngrep**

Det er eit naust med stø på gnr/bnr 93/1,5. I sørvest står det i naustrekke med 8 naust rett utanfor reservatgrensa. Desse nausta har delar av støene inne i reservatet. Det er uttrykt ønskje om å bygge fleire naust inntil reservatet. Desse vil i så fall måtte ha tilkomst gjennom reservatet til sjøen. Det er gitt ein skjønnsføresetnad for at det kan pårekna løyve til vedlikehald av eksisterande støer og etablering av enkle støer og båtopptrekk til naust bak vernegrensa (utanfor). Det vil kunne bli gjeve løyve til bruk av motorkøyretøy i samband med dette. Det kan ikkje pårekna løyve til oppføring av nye naust eller andre bygningar innafor reservatet.

I elveosen er det mura opp ein langsgåande vor som styrer vatn og fisk. Eit parti av elvekanten lengst sør i reservatet er plastra med stein for å hindre erosjon. Også her vil det vere aktuelt med bruk av motorkøyretøy ved reparasjonar og vedlikehald, og det er gjeve skjønnsføresetnader om at det kan pårekna gjeve løyve til vedlikehald og bruk av motorkøyretøy i samband med dette.

Det er gjeve dispensasjonar og skjønnsføresetnader for uttak av mindre, talfesta mengder sand frå sjøen til eige bruk på gnr/bnr 90/2 ( $2\text{ m}^3$  årleg), 90/14 ( $5\text{ m}^3$  årleg) og 93/1,5 ( $20\text{ m}^3$  årleg). I samband med dette vil det bli gjeve løyve til bruk av motorkøyretøy.

Fylkesvegen går langs grensa til naturreservatet i nordvest.

Det er store vassuttak til industri og alminneleg forsyning frå Hustadvassdraget og Søre Hustadelva (Herskardvatnet). Det gjer at ferskvasstilrenninga er redusert i høve til naturtilstanden.

#### Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Eksisterande bygningar og tekniske anlegg skal kunne vedlikehaldast
- Det kan tillataast eit forsiktig uttak av sand frå fjøra til bruk på eigedommane.  
Utvinning for sal vert ikkje tillatt.



Fig. 10. Naustrekka i vest ligg utanfor, med størene som ligg i reservatet



Fig. 11. Enkeltnaust i nord-vest, vegfylling i bakgrunnen

## 4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

### 4.1 *Skjøtsel og forvaltingstiltak*

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtselsoppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og heilskaplige resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO, og grunneigarar og andre interesserte kan ikkje drive tiltak etter skjøtselsparagrafen utan skriftlig løyve frå forvaltingsstyresmakta. Gjennomføring av tiltak med omfattande aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl.

Til planen er det utarbeidd ei liste over tiltaka, sjå vedlegg 5. Beløpa skissert i tiltakslista er grove overslag over kostnadene knytt til kvart tiltak. Kostnadane kjem gjerne ikkje fram før etter ein innkjøpsprosess, og omfanget må tilpassast rammene i statsbudsjettet.

#### Generell gjengroing

Området ved Fetaberget og gravrøysene er i ferd med å gro igjen. Her står mykje lauvtre som bjørk, selje og rogn. Det er rydda ved gravrøysene og tynna kraftig ut elles i området. I tillegg er det sett ut beitedyr (ungkrøtter) i området for å halde vegetasjonen nede. Desse tiltaka må fortsetje.

Ved Auså er det også aukande gjengroing i bakkant av sanddynene. Her vert det litt tilførsel av gjødsel frå dyrkamarka bakom. Gras- og urtevekstane bør fjernast, anten ved beiting, eller ved at området vert slått seint i sesongen og biomassen vert fjerna.



Fig 12. Det er kraftig gjengroing i bakkant av stranda.

## Framande planteartar

Det er viktig å halde reservatet fritt for framande artar som sitkagran, buskfuru og rynkerose. Dei representerer ein reell fare for den lokale floraen ved at å spreie seg og fortrenge annan vegetasjon. Det vert fjerna oppslag av unge sitkagranplanter kvart år, og dette arbeidet må fortsetje.

## Søppel langs stranda

Søppel langs stranda må følgjast med, og ryddast når det er naudsynt. Verneområdet er vendt mot nord og vest og samlar av den grunn ein god del søppel frå sjøen.

### Skjøtselstiltak

- Halde området fritt for framande artar som sitkagran
- Hindre oppslag av naturlege lauvtre ved hogst, rydding og beiting
- Fjerne grasvekstar ved slått og beiting
- Rydde søppel frå strandsona

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv, kostnad og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 3.

## 4.2 *Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar*

Effektiv overvaking av naturområde krev kunnskap om verneverdiane og deira tilstand.

Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Hustadbukta naturreservat har tidlegare ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for dei ulike naturtypane i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale i oppfølginga av reservatet i framtida.

Hustadelva og Sagelva bør overvakast jamnt for å kartlegge verknader av vassuttak og utslepp, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen. Dette må sjåast i samanheng med Hustadvassdraget naturreservat som ligg oppstraums Hustadbukta, og andre tiltak og overvaking etter vassdirektivet. Det er ikkje gjort systematisk oppfølging av flora og fauna i området sidan vernet vart vedtatt, difor manglar nøyaktige data på utviklinga i området dei siste 20 åra.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

### **Overvakingstiltak**

- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Hustadbukta naturreservat

## **4.3 *Informasjon og tilrettelegging***

Det er laga utkast til informasjonstavle for Hustadbukta naturreservat, men dei er ikkje sett opp endå. Det skal lagast felles informasjonspunkt for både naturverdiar og kulturminne, og dette skal skje i samarbeid med Nasjonal Turistveg. Tavlene vil ha enkel informasjon til brukarar av området. Det er sett ut skilt som markerer reservatgrensa ved nokre strategiske punkt.

All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

## **4.4 *Oppsyn***

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvaret for oppsyn i verneområda i Noreg. Hovudoppgåva til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert følgde. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og avgrensa politimynde etter miljølovene (friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskelova og delar av forureiningslova). I tillegg til kontrolloppgåvane etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærmere presentert i denne forvaltingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynsoppgåve hos SNO.

## 5 SAKSBEHANDLING

### 5.1 *Forvaltingsstyresmakt*

Ansvarer for forvaltninga av Hustadbukta naturreservat involverer følgjande styresmakter:

- 1) **Miljøverndepartementet (MD)** er øvste styresmakt for miljøforvaltninga i Noreg.  
Departementet har ansvaret for at den miljøpolitikken Stortinget har vedtatt blir gjennomført. MD er overordna styresmakt for forvaltninga av område verna etter naturmangfaldlova.
- 2) **Direktoratet for naturforvaltning (DN)** er øvste fagstyresmakt for naturvernområde i Noreg og har hovedansvar for forvalting av område verna etter naturmangfaldlova.  
DN avgjør kven som skal vere forvalningsstyresmakt for det enkelte verneområdet.  
DN er klageinstans for vedtak som forvaltningsstyresmakta i det enkelte verneområdet har gjort. DN skal også rettleie forvaltningsstyresmakta i praktiseringa av verneforskriftene.
- 3) **Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)** er forvaltningsstyresmakt for Hustadbukta naturreservat.
- 4) **Fræna kommune** er styresmakt på fleire av de andre lovverka som kan få verknad innan naturreservatet, eksempelvis plan- og bygningslova og motorferdselslova.

### 5.2 *Lovverk, føringar og forvalting*

#### 5.2.1 *Verneforskrifta*

Verneforskrifta for Hustadbukta naturreservat finst som vedlegg 1. Sjølv om den generelle dispensasjonsheimelen i forskrifta § 7 no er erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, slår overgangsreglane i loven sin § 77 fast at eldre vernevedtak fortsatt gjeld inntil Kongen måtte bestemme noko anna. . Direktoratet for naturforvaltning har utarbeida eit rundskriv «Forvaltning av verneforskrifter» (DN 2010) som vert lagt til grunn for saksbehandlinga.

Verneforskrifta har som formål å oppretthalde den tilstanden som området var i ved fredingstidspunktet, samt å fremje verneføremålet. Det er Fylkesmannen sitt ansvar at verneforskrifta blir forvalta i forhold til verneformålet, og viss verneverdiane vert skadde, er det Fylkesmannen sitt ansvar at nødvendige tiltak blir sett i gang. Forvaltinga av verneområdet skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking hos både dei daglege brukarane og Fylkesmannen. Forvaltningsplanen for Hustadbukta naturreservat er planlagt å rullerast kvart 10. år for å kunne fange opp eventuelle endringar i verneområdet (jf. kapittel 6).

## 5.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova

I medhald i naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynde, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er teke omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 skal også trekkast inn i skjønnsutøvinga. Vi viser til Vedlegg 2 med naturmangfaldlova.

Prinsippa skal også brukast ved forvaltning av eksisterande verneområde, inkludert forvaltningsplanar.

Etter § 8 i naturmangfaldlova skal offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet så langt det er rimeleg, bygge på vitskapleg kunnskap om artane sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypar og økologiske tilstand, samt effekten av påverknader. Vidare skal kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspele med naturen vektleggast. Det er opp gjennom åra gjennomført ulike naturfaglege undersøkingar i Hustadbukta naturreservat, og det føreligg fleire rapportar som dokumenterer naturkvalitetane. Dette kunnskapsgrunnlaget er lagt til grunn i forvaltningsplanen. Kunnskap om historisk bruk er også lagt til grunn i planen, bl.a. i samband med vurdering av skjøtselstiltak.

Ut frå dagens kunnskap, vil aktivitetane som vil kunne skje etter verneforskrifta, neppe ha nokon særleg negativ innverknad på artane og naturtypane som ein ønskjer å ta vare på gjennom vernet. Verneforskrifta er til hinder for aktivitetar som ein vurderer å kunne ha negativ innverknad på verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidet innafor ramma av de restriksjonar som er sett i verneforskrifta. Vi vurderer det slik at forvaltningsplanen og oppfølging av denne med stor sannsynlegheit vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane i området, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Den føreliggande kunnskapen om artene sin bestandssituasjon, utbreiinga av naturtypane og økologisk tilstand i dette området, vurderer ein å stå i eit rimeleg forhold til forvaltningsplanen sin karakter, og retningslina om kunnskapsgrunnlaget i § 8 vert sett på som oppfylt. Føre-var-prinsippet vert difor tillagt liten vekt i denne planen, jf. naturmangfaldloven § 9.

Forvaltningsplanen gir nærmere retningsliner for aktivitetar som er tillatt i naturreservatet innafor ramma av verneforskrifta og naturmangfaldlova. Vurdering av den enkelte aktiviteten i forhold til samla belastning i verneområdet, vil være svært relevant ved vurderinga av søknader om dispensasjoner frå verneforskrifta. I samband med forvaltningsplanen er det utarbeidd nærmere bevaringsmål for ulike naturkvalitetar som grunnlag for overvaking av naturtilstanden i området. Dette vil gje eit styrka grunnlag for å kunne vurdere samla belastning av ulike aktivitetar i området. Prinsippet i naturmangfaldloven § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er dermed vurdert og tillagt vekt.

Prinsippet i naturmangfaldloven § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, får ikkje særleg verknad, ettersom verneforskrifta som forvaltningsplanen bygger på, legg vesentlege avgrensingar på kva tiltak som kan gjerast i området. Dei tiltaka som vil

kunne gjennomførast, vert vurdert til ikkje å ha vesentleg negativ effekt på naturtypar, artar eller økosystem.

Prinsippa i § 12 vert vurdert til å være relevante. Prinsippet om beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar blir vurdert som aktuelt bl.a. i samband med skjøtselstiltak. Prinsippet om beste lokalisering blir vurdert som relevant i samband med bl.a. behandling av søknader om dispensasjonar, både når det gjeld spørsmålet om dispensasjon bør gjevast og eventuelt kva vilkår som bør setjast. Forvaltingsplanen legg opp til skjøtselstiltak som er vurdert å være best mogeleg tilpassa naturkvalitetane ein ønsker å ta være på. Gjennom den overvakkinga av naturtilstanden som planen legg opp til, vil ein få eit godt grunnlag for å evaluere gjennomførte skjøtselstiltak og ev. foreta korrigeringar både når det gjeld teknikkar/metodar og lokalisering.

### 5.2.3 Forholdet til andre lovverk

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova går føre andre lover eller forskrifter dersom det er ulikheiter mellom bestemmingane. Det er også viktig å merke seg at det andre regelverket gjelder i tillegg til verneforskriftene i område verna etter naturmangfaldlova. Ved søknader om løyve til motorisert ferdsel vil det i dei fleste tilfella vere nødvendig med både dispensasjon frå motorferdselslova og frå verneforskrifta, eventuelt § 48 i naturmangfaldlova. Med få unntak vil verneforskrifta ha strengare reglar når det gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Det er derfor naturleg at ein søknad om dispensasjon først blir behandla av fylkesmannen. Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova avgrensar ikkje rådighetsutøvinga utanfor verneområdet.

Etter naturmangfaldlova § 49 skal ein legge vekt på verneverdiane i naturreservatet for tiltak utanfor som kan påverke verneområdet, og som treng løyve etter anna lovverk.

### 5.2.4 Tolking av unntaksreglene i verneforskrifta

I § 4 i verneforskrifta listar ein opp ei rekke aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon:

**Punkt 1** omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet.

**Punkt 2** stadfestar at vedlikehald av grøftelaup i reservatet er lov. Det er mykje dyrka mark i randsonene til reservatet, og dermed eit behov for slikt vedlikehald. Det bør likevel gjerast i samarbeid med forvaltingsstyresmakta for å unngå skade på verneverdiane.

**Punkt 3** er ein referanse til friluftslova, som stadfester allemannsretten.

**Punkt 4** opnar for jakt på hjortedyr, i dette høvet hjort og rådyr, samt kanadagås og villmink. Hjortedyr kan gjere betydeleg skade på verneverdiane i reservatet. Jakt på kanadagås bør gjerast på ein slik måte at ein ikkje forstyrrar andre gjæser og ender. Ved fangst av villmink

bør det nyttast slagfelle for å unngå å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske.

**Punkt 5** nemner fiske og uttak av fjøremark og agnskjel i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Grunneigar har rett på alle haustbare ressursar på sin eigedom i samsvar med norsk lov, derfor må ein ha løyve frå grunneigar for å hente ut slike artar. For fiske etter laksefisk i elv vil kjøp at fiskekort vere eit slikt løyve. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

**Punkt 6** opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvalting kan regulere beitetetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Det er for tida lågt beitetetrykk, og det er vere aktuelt å stimulere til beiting.

**Punkt 7** opnar for at den jordbruksaktivitet på dyrka mark som var i reservatet ved fredingstidspunktet kan halde fram. Dette gjeld den dyrka mark på Male som ligg innanfor reservatgrensa.

**Punkt 8** gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i reservatet eller for å verne spesielt utsett avling.

**Punkt 9** nemner at båt kan leggast på etablert båtplass, med dette meiner ein nausta i sørvestre del av reservatet.

## 5.2.5 Spesifiserte dispensasjonsbestemmingar i verneforskrifta

I § 5 i verneforskrifta finst ein del spesifiserte aktivitetar og formål som forvaltingsstyresmakta kan tillatt etter søknad. Ved behandling av slike søknader vil det med utgangspunkt i prinsippa i naturmangfaldlova leggjast særleg vekt på tiltaket sin verknad på verneformålet:

**Punkt 1** opnar for å kunne tillatt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter som alt fanst på vernetidspunktet (§ 4 punkt 2), aktivitet relatert til beite (§ 4 punkt 6) og inn gjerding av innmark og beiteareal (§ 4 punkt 8), samt ved opprydding og sinking av drivved. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel på utmarksareala i reservatet så langt det er mogeleg.

**Punkt 2** opnar for å tillate vedlikehald av eksisterande stiar og ferdelsvegar. Det er ikkje lokalisert slike i reservatet, derfor er dette punktet uaktuelt.

**Punkt 3** nemner etablering av grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggast nye grøfteutløp som er i strid med verneformålet.

**Punkt 4** opnar for avgrensa uttak av ved. Dette er mest aktuelt ved gravrøysene på Male der det er tre av ein viss storleik, og der det er ønskjeleg å halde eit ope landskap. Dette kan eventuelt gjerast som ein del av skjøtselen. Sjå også punkt 8.

**Punkt 5** viser til Hustadbukta sin historiske funksjon som båtplass. Det er eitt naust i reservatet, og det ligg fleire rett inntil. Det kan vere aktuelt å vurdere å gje løyve i tilknyting til nausta, der dette ikkje skadar vegetasjonen.

**Punkt 6** viser til tradisjonelt uttak av sand, stein og grus. Uttak må berre være av mindre omfang til privat bruk, og alle store eller kommersielle uttak er forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ønskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Staden for uttaket må spesifiserast i eit kart. Ofte vil uttak av sand, stein og grus også krevje ein søknad

om motorisert ferdsel, slike tilfelle krev dispensasjon frå føresegna. Vegetasjon skal ikkje kome til skade ved slikt uttak. Det er tidlegare gjeve dispensasjon for uttak av finsand på gnr 93 bnr 1.

**Punkt 7** gir rom for sinking av tang og tare etter løyve. Dette vil i så fall vere manuelt uttak frå land eller mindre båt. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk, som t.d. taretråling.

**Punkt 8** opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark. Det er mykje dyrka mark i randsona mot reservatet, og det kan reknast med at det vert gjeve løyve til slikt uttak der dette ikkje skadar verneverdiane.

**Punkt 9** opnar for avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, teltleirar og idrettsarrangement. Landarealet i Hustadbukta er lite, og det finst alternative areal i randsonene. Fylkesmannen varslar ei restriktiv line på dette punktet, og vil normalt ikkje tillate slik aktivitet.

**Punkt 10** gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.

## 5.2.6 Generelle dispensasjonsbestemmingar

I § 7 i verneforskrifta finst den generelle unntaksparagrafen. I dag er denne erstatta av § 48 i naturmangfaldlova, jf. §§ 8 – 12 (sjå kapittel 8.2). Frå den opphavlege generelle dispensasjonsbestemminga i § 7 er følgjande dispensasjonsformål vidareført i naturmangfaldlova § 48:

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig.

I avveginga mellom andre vesentlege samfunnsinteresser og omsynet til verneområdet skal det særlag leggjast vekt på verneområdet sin verdi for det samla nettverket av verneområde og om eit tilsvarande verneområde kan etablerast eller utviklast ein annan stad. Tiltakshavaren kan påleggast å bere rimelige kostnader ved ivaretakinga, opprettinga eller utviklinga av eit slikt tilsvarande område.

*«Dispensasjon i særlege tilfeller når det ikke er i strid med formålet med vernet»* gjeld hovudsakleg bagatellmessige inngrep/tiltak eller forstyrringar av forbigåande karakter og som er av stor verdi for søker og ikkje er i konflikt med verneverdiane. Tiltak som kan redusere eller øydelegge verneverdiane i Hustadbukta naturreservat vil ikkje kunne få dispensasjon etter denne bestemminga.

*«Dispensasjon for arbeider av vesentlig samfunnsmessig verdi»* gjeld for tiltak som ikkje blei vurdert eller var aktuelle på vernetidspunktet. Dispensasjon heimla i dette punktet skal berre gjevast under heilt særskilte forhold av nasjonal betyding. Det vil ikkje være tilstrekkeleg grunnlag for å gje dispensasjon med bakgrunn i denne bestemminga i saker som berre har lokal eller regional betyding.

## 5.2.7 Generelle retningslinjer for saksbehandling

Retningslinjer for behandling av saker som gjeld dei ulike brukarinteressene er presentert i kapittel 3. Punkta under viser dei generelle retningslinene for all saksbehandling som omhandlar Hustadbukta naturreservat:

- 1) Alle søknader om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskrifta, skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- 2) Normalt vil verneforskrifta ha strengare reglar enn det som gjeld etter anna lovverk. Søknader blir difor først vurderte etter verneforskrifta før eventuell vurdering etter anna lovverk. Avslag etter verneforskrifta kan ikkje overstyrast av anna lovverk.
- 3) Nærare retningsliner for saksbehandlinga er gitt under dei enkelte brukarinteressene. Det er viktig at det i all saksbehandling blir gjort ei samla vurdering i forhold til verknaden av tiltaket på verneverdiane og forholdet til andre brukarinteresser.
- 4) Desse instansane skal ha kopi av alle vedtak: Fræna kommune, Statens Naturoppsyn, Direktoratet for naturforvaltning.
- 5) Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal behandlast etter reglane i forvaltningslova. Direktoratet for naturforvaltning er klageinstans for alle saker etter verneforskrifta. Ei eventuell klage på vedtak skal sendast Direktoratet for naturforvaltning via Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen føretok førebuande klagebehandling og vurderer innhaldet i klagen. Fylkesmannen kan etter dette endre sitt opphavelege vedtak. Dersom fylkesmannen opprettheld vedtaket sitt, skal klagen oversendast Direktoratet for naturforvaltning for endeleg behandling og vedtak.

## 6 FORVALTNINGSPLANEN SI GYLDIGHEIT

Forvaltingsplanen for Hustadbukta naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Ein tek sikte på å gjere dette ca. kvart 10. år, første gong ca. 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidligare tidspunkt om det er nødvendig. Bevaringsmåla vil bli reviderte i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rulleringa av forvaltingsplanen.



*Fig. 13. Grensemerke for verneområde*

## 7 REFERANSAR

### *Publikasjoner*

Artsdatabanken, 2010. *Norsk rødliste for arter 2010.*

Artsdatabanken, 2011. *Norsk rødliste for naturtyper 2011.*

Artsdatabanken, 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012.*

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *DN-håndbok 17-2001 – Områdevern og forvaltning.*

Direktoratet for naturforvaltning, 2001. *Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, rev. februar 2010.*

Direktoratet for naturforvaltning, 2007. *DN-håndbok 13-2007 – Kartlegging av naturtyper. Verdsetting av biologisk mangfold*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1996. *Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Rapport nr. 13/95 Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen.*

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Flora, vegetasjon og verneverdier. Økoforsk rapport 1986:3A*

Holten, J. I., Frisvoll, A. A. og Aune, E. A., 1986. *Havstrand i Møre og Romsdal. Lokalitetsbeskrivelser. Økoforsk rapport 1986:3B*

Jordal, J.B., 2005. Kartlegging av naturtyper i Fræna kommune. Rapport J.B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.

Lid, J., 1987. *Norsk, svensk, finsk flora.* 5. utg, 2. opplag. Det norske Samlaget, Oslo.

Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon.* Statens kartverk, Hønefoss.

Svensson, L., Grant, P. J., Ree, V. (red.), 2011. *Gyldendals store fugleguide – Europas og middelhavsområdets fugler i felt.* 4. utg. Gyldendal, Oslo.

### *Nettstader*

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase.* [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga. [www.fmmr.no](http://www.fmmr.no)

Lovdata, 2009. [www.lovdata.no/](http://www.lovdata.no/)

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Norsk kulturråd. [www.kulturnett.no](http://www.kulturnett.no)

## Vedlegg 1 – Verneforskrift Hustadbukta naturreservat

### Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, vedlegg 16, freding av Hustadbukta naturreservat, Fræna kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

#### § 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 90/1,2,3,11,14,17,19,20 og 54, 91/1,2,4,5,8,9,10,11,14,15,16,17,20,22,23,24,25,26,30,34,36,37,40,59,64 ,99 og 103, 93/1,3,4 og 5, 94/34.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 560 dekar, av dette er ca. 447 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Fræna kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

#### § 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på ein av dei nordlegaste spesiallokalitetane for sørlege sanddyner med sandstorr og strandreddik.

#### § 3. Verneregler

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging.  
Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillatt.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av koncentrert forureining, tömming av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

5. Bruk av naturreservatet til teltleiarar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.
6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

#### **§ 4. Generelle unntak**

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av båt på etablert båtplass.

#### **§ 5. Eventuelle unntak etter søknad**

Forvalningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8, og sinking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.

7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.

#### **§ 6. *Ferdsel***

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

#### **§ 7. *Generelle dispensasjonsreglar***

Forvaltningsstyremakta kan gjøre unntak frå forskriftena når formålet med fredinga krev det, eller for vitskaplege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje stirr mot formålet med fredinga.

#### **§ 8. *Skjøtsel***

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 9. *Forvaltningsmynde***

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskriftena.

#### **§ 10. *Iverksetjing***

Denne forskriftena trer i kraft straks.

## Vedlegg 2 - Naturmangfaldlova

### Nokre viktige bestemmingar i naturmangfaldlova

#### § 7. (*prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12*)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

#### § 8. (*kunnskapsgrunnlaget*)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjonsers erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

#### § 9. (*føre-var-prinsippet*)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

#### § 10. (*økosystemtilnærming og samlet belastning*)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

#### § 11. (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

#### § 12. (*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

**§ 48. (*dispensasjon fra vernevedtak*)**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillattlse både etter verneforskrifta og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillattlse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskrifta eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

## Vedlegg 3 - Tiltak i Hustadbukta naturreservat

Tiltak	Prioritet	Utførende aktør	Kostnad i 1000-kr	Finansiering	Frister	Merknader
Fjerne sitkagran og lauvoppslag ved gravrøysene	1	Entreprenør, organisasjon	10'	1426.30	Årleg	Har samarbeidd med Hustad fengsel Årleg rydding av småplanter, hogst el. ringbarking ved behov
Beiting ved gravrøysene og på kalkrike strandberg	1	Husdyreigar	Ingen			Har avtalt beiteleige t.o.m 2012 som må fornyast
Fjerne søppel frå naturreservatet	1	Organisasjon	5'	1426.30	Årleg	Har samarbeidd med Hustad fengsel
Teljing av vinterfugl og rastande vadefugl og ender	2	SNO/ ornitologar	10'		Årleg	
Legge til rette for sandstarr og strandreddik, registrere førekomst	2	SNO/ botanikarar				Unngå overgroing av konkurransesvak sandstarr, beite eller slått av bakre del av sanddynelandskapet
Montere infotavle	2	SNO				Er finansiert
Etablere parkeringsplass i samarbeid med Statens Vegvesen	3					Unngå å bruke areal i reservatet, må få til spleiselag

## Vedlegg 4 – Sakshandsaming

Forvaltningsplanen har vore på høyring i perioden 10.11 – 15.12.2012. Høyringa har vore kunngjort i Romsdal Budstikke 10.11.2012 og på fylkesmannen si heimeside.

Det kom inn 2 fråsegner til planen:

**Statens vegvesen** har ingen merknader til planen.

**Møre og Romsdal fylkeskommune** ønskjer at planen viser at gravrøysene er automatisk freda etter kulturminnelova. Dei hadde sett at bevaringsmål nr 7 som gjeld for gravrøysene og delvis kunne gjelde for nr 4 om kystlynghei, då det er gravrøyser også i dette området. Forvaltingsmålet der det heiter at dei «kan» vedlikehaldast, kunne endrast til «bør». Det må ikkje gjevast løyve til uttak av stein frå gravhaugområdet på Male etter søknad. Her er regelverket etter kulturminnelova strengare enn verneforskrifta. Vidare bør ikkje fredinga vere til hinder for skjøtsel og vedlikehald av kulturminne, og skjøtselstiltak i naturreservatet må ikkje skade kulturminne.

Planen bør avklare korleis ferdsel skal kanaliserast og tilretteleggast.

**Fylkesmannen vurderer dette slik:** Kulturminne kan vere ein del av verneføremålet i naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37, 3. ledd. Hustadbukta naturreservat er verna etter naturvernlova, og slike føremål er ikkje med i verneforskrifta. Vi har likevel vald å lage eit bevaringsmål for kulturminne i planen. Vi er klar over at det finst gravhaugar i eit større område enn det som er vist som bevaringsmål nr. 7 på kartet. Det er ikkje tenkt at denne kartfestinga er uttømmande for gravhaugane, men vi har delt det opp etter naturtypen. Gravhaugar i område nr. 4 har også stor verdi, men ansvaret for ivaretaking av kulturminne er lagt til sektorstyremakta. Vi vil også vise til kapittel og forvaltingsmål for kulturminne.

Verneforskrifta har ingen unntak for restaurering av kulturminne som medfører inngrep i terreng og vegetasjon. Dette medfører at slike tiltak må avklarast med forvaltingsstyrestrukta gjennom søknad. Det vil i dei aller fleste tilfella vere samanfallande interesser mellom natur- og kulturvernstyremaktene på dette feltet, og slik restaurering vil vere kurant. Tilsvarande vil naturvernstyremaktene ta omsyn til kulturminne i sin skjøtsel av området. Forvaltningsplanen vert justert og presisert på dette punktet.

Planen har ikkje konkrete tilretteleggingstiltak for ferdsel, og vi ser ikkje grunnlag for å opparbeide turstiar. Det bør vere tilstrekkeleg å gå i terrenget, og at dette kan kanaliserast ved skilting. Planen vert ikkje endra på dette punktet no, men dette kan endre seg dersom det vert tilrettelagt i samband med Nasjonal turistveg i området.

Fylkesmannen godkjener med dette planen.